



Seim Bygg AS  
Nesbrekka 28  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7935 - 16/19880

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
12.07.2016

## Endringsløyve - gbnr 137/747 Mangerbua II

**Administrativt vedtak. Saknr: 364/16**

**Søknadstype:** Søknad om endring av løyve.

Saka gjeld søknad om endring av løyve av 09.03.2015.

Søknaden gjeld endring av utomhus området, flytting/endring av trapp og nye murer i grense mot nabo.

Det vert elles vist til søknad motteken 30.05.2016 og supplert 21.06.2016.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 16.06.2016. Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 21.06.2016.

### Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla.

### Plassering

Ansvarleg søkjar har opplyst i epost av 21.06.2016 at muren er senka ut frå huset til 1,5 m og mur mot nabo blir, 1,5 m samt at den slutter 1,5 m frå formålsline mot veg.

Plassering av tiltaka er vist i situasjonsplan mottekn 21.06.2016.

## VURDERING

### Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

## Visuelle kvalitetar



Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

#### **Privatrettslege tilhøve**

Det er innhenta naboerklæring frå eigar av gbnr 137/746 og gbnr 137/289 for plassering av omsøkte tiltak.

#### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 vert det gjeve løyve til tiltak endringsløyve for endring av utomhusområdet, flytting/ending av trapp og oppføring av murer med høgd inntil 1,5 meter på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteken 21.06.2016 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 14/7935**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Camilla Marøy og Vegar Sætre	Nedre Mangerbua 5911 8	ALVERSUND
------------------------------	---------------------------	-----------

#### **Mottakarar:**

Seim Bygg AS	Nesbrekka 28 5912	SEIM
--------------	-------------------	------